

Referat :

## **Brukarmøte Florø hamn KF**

Stad: Quality Hotell Florø.

Tid: kl 10-12, 15.06.20.

### **Velkomen v/Linda M. Midtbø**

Hamnesjefen ønska velkommen, og gjekk gjennom agendaen for møtet.

### **Status kaier og vedlikehald v/Ørjan**

- **Botnastranda Aust.**

Arbeidet med å gjøre kaia til on/off ISPS er fullført.

- **Gunhildvågen**

On/off ISPS kai, det er mykje trafikk på kaia, med overlappande kaibestillingar.

- **Kolkaia**

Spennande prosjekt på gang iht hurtiglader for båtar.

Vi har no fått ferdig permanent løyve for kaia, kaia er flytta litt slik det no er 1.6 meter grunn på austsida, men der skal vi legge ut uteriggere.

Båtplassar vil ikkje bli selde, men leigde ut. Dette pga vi må omsynta naboeigendomar sine rettar til å fylle i sjø, og då evt gjere endringar.

- **Flytebrygger i hamna**

Vi har til no i år hatt nede dykkere på alle våre flytebrygger for kontroll, og jobbar med å utbetre dei punkt som vi har funnet. Gjestebrygga har fått et nytt tredekke på den ene brygga samt nye vaiere mellom enkelte brygger. Vi har satt opp flere livbøyer og nokre fleire redningsstiger vil også bli satt opp. Servicehuset er noko som båtfolket også skryter av, som at det er oppholdsrom og reint. Florø Parkering hjelper oss med denne brygga og har vertskapet.

Vår automatiske bossbøtte «portbin» har vært i drift 1,5 år nå og vi ser den samlar mykje plast og boss i hamna. Portbin plukker opp masse småplast, og det er frå april og utover høsten er det mest.

Iht bosskonteiner som sommar 2019 var utanfor det gamle gjestehuset, ser vi ein på anna løysning for 2020.

- **Flytebrygge Amfi**

Her jobber vi med montering av fendrar, løysinga som er valt er bildekk med kryssfeste.

- **Fugleskjærkaia**

Landstrøm: etter 18.06 kan det bli annonsert kven som blir tildelt konkurransen. (Gjeld og kai G)

Hurtigrutekaia /kai D: Dette er ei hard nøtt å knekke, og vi jobbar mykje med denne problemstillinga. Meir omfattande skade enn først antatt. Det er mykje klorid i betongen frå begynnelsen som tærer på bæredekk på armring på undersida. Endelig avklaring på arbeidet kjem etterkvart—«worst case scenario» kan kaia bli stengt ein god del månader.

- **Kaiene i øyene**

Kinn kommune eig kaiar og infrastrukturen, men Florø hamn KF har ansvar for vedlikehald. Kort vedlikehaldsstatus vart gitt.

### Hamnevakttenesta v/Tore

Hamnevakta kan kontaktast på telefon, e-post og safeseanet. Det er kun telefon som er 24/7.

Når ein skal planlegg båtanløp vil vi gjerne at det vert inkludert tidspunktet dei kjem, kor lenge dei skal ligge og når dei skal gå. Vi opplever at båtar forsvinner utan å gje beskjed. Av og til har vi mykje trafikk, og når vi ikkje får beskjed om nokon drar, stopper det oss frå å kunne planlegge optimal bruk av kaiene - så dette er for å ivareta alle sine interesser.

Det er godt belegg på kaiene, særskild i Gunhildvågen, og for å organisere best mogleg logistikk er vi avhengig av god kommunikasjon. Ta heller ein telefon for mykje.

- Innspel frå publikum:

Spørsmål: Kjøper fiskebåtane landtenester ?

- Utanom reparasjonane veit vi ikkje så mykje, i løpet av den siste perioden har vi hatt 3 båtar som har kjøpt reparaasjoner.

- Innspel frå publikum:

De siste 2 år har vi hatt situasjonar det vi ikkje klarer å ta imot båtar (mangel på plass) og dei må då ankre. Ikkje idealt, spesielt oljetankar brukar Florø som transshipment hamn, om vi klarer å legge til rette kan det blir fleire oljetankar som brukar Florø

- I de siste ukene har vi fått ordna mykje og via godt samarbeid med båtane fått flytta rund. Oljetankere prøver vi å få inn, men kaia i Gunhildvågen er travel. Men om vi får forbetra kommunikasjon blir tilbodet betre og logistikken enklare å planlegge.

- Innspel frå publikum

Gunhildvågen har behov for å bli utvida, bruk for meir kaiareal.

- For optimere utnytting av kaia i Gunhildvågen er kommunikasjon nøkkelen, når kaia er bestilt så avviser vi andre, men når båten ikkje møter opp og har ikkje sendt avbestilling så får vi situasjonar med tom kai og andre aktørar ha verte avvist.
- Vi opererer med første mann til mølla og seier kun nei dersom det er fullt, og om vi ikkje finner andre løysningar.
- Vi eig ikkje aust eller vest for kaia, så ein utviding av kai arealet er ikkje rett fram.

### Ny kollektivterminal og nytt kontorbygg på Fugleskjærkaia v/Andrea

Florø hamn KF lyste ut anbuds konkurransen 07.04.2020 med tilbudsfrist 08.07.20.

Gjennomføring av samspelfase fram til 16.12.2020

Bygggestart 2021 – førebels framdriftsplan ferdigstilling 07.2022

Kontorbygget er redusert frå 5 til 3 etasjers, med 4 etg som opsjon.  
All trafikk i området skal som utgangspunkt gå normalt i heile byggjeperioden, inkludert rivningsperioden.

På vår heimeside er «byggeblogger» der vi vil holde publikum oppdatert iht framdrift.

*Leige hos oss?*

- Meld gjerne din interesse, ta kontakt med prosjektleiar  
[andrea.bjorkaas@kinn.kommune.no](mailto:andrea.bjorkaas@kinn.kommune.no) 98907309

### **Kort orientering om ulike saker v/Linda**

- **Regulativ 2020 – reduksjon av farvassavgift frå 01 juli.**
- **Simulatorrest og vegen vidare med hamneplan**

Førre simulatorrest vart utsett pga corona, ny rest er satt opp 28 august. Meir informasjon kjem.

- **Fylket og fiskerihammer**

Fiskerihammer ligger no under fylkeskommunen. Dette vart overført frå staten (Kystverket) 01.01.2020 pga regionreformen. Før kunne ein søke om midlar til fiskeriltak, i overgangen til fylket er det ikkje like lett å søke på midlar då dette er avgrensa. Fylkene har vort kritisk på overtakelsen, dei meiner dei overtar eit stort tap, då det er store vedlikehaldsetterslep. Mange fylke har ikkje signert overtakelsesavtalene ein gang, men Vestland fylkeskommune har signert avtalen.

- **Mortingbåen og innseglinga til Florø**

Her planlegg Kystverket utdjuving av innseglinga til -19, samt fjerning av Mortingbåen ned til -14. Ligg inne i A-ramme i Kystverket sitt innspel til NTP. Her gjer Kystverket no naudsynete førebuingar slik at det er kjapt å starte opp om innvilginga kjem.

### **Innspel frå brukarane v/Linda M. Midtbø**

- **Tryggleik på kaiene i Florabassenget**
- **Nedetid på kaiar under rehabilitering av Fugleskjærkaia.**
  - **Kollektivterminalen**

Gjekk gjennom temaet under kollektivterminalen og kontorbygg prosjekt på Fugleskjærkaia

- **Landstraumprosjektet**

Gjekk gjennom temaet under kaiar og vedlikehald

- **Rehabilitering kai D**

Gjekk gjennom temaet under kaiar og vedlikehald

- **Ny tilkomstveg til Botnastranda aust**

Tilkomstveg er samarbeid med eksterne aktørar som har eigarforhold ved området.

- **Florø hamn KF hamnestyre**

Innspel frå publikum: Brukarrepresentantar i hamnestyret: er det gjort nokon vurdering med å ha bruker representant i tillegg til politisk styre?

Det var i første omgang Flora Kommune som gjorde vedtak iht til å ikkje ha brukarrepresentant på styret, men i staden nytte brukarmøter. Dette valet vart teken på fleire grunner, der i blant habilitet. Det er vedtektene til hamna som regulerer dette, sist fornya i år i samband med etableringa av Kinn kommune.

Det er kommuneloven som styrer her, det blir valt styre kvart 2 år.

Kordan kan ein melde slikt formelt sett politisk ? - Kan sende ein henvending til ordførar.

- **Parkering på Fugleskjærkaia**

Innspel frå publikum: det er fremdeles problema med biltrafikken på Fugleskjærkaia, spesielt ved 07.00 og 20:00. Ber om betre oppfølging. Parkeringsvakta må være der meir

Florø hamn takker for innspel og ber om at ein fortsett og gjer beskjed ved slike tilfelle, ein kan sende bilete til hamnevakta når ein ser det, og vi vil ta det opp med Florø parkering.

Ber og om at dykk gir beskjed når de ser problem.

### **Avrunding og oppsummering frå styreleiar v/Vidar Grønnevik**

Vegtrassene Botnastranda aust; det går jo også ein veg på basen aust-vest som Florø hamn ikkje har noko med. Det er no lagt til rette slik at ein eig grunnen - no kan til dømes kaia på Botnastranda aust utvidast (dobblast). Det er ingen planer for å utvide p.d.d. men vi kan om det blir behov.

Vi har no hatt brukarmøtene i nokon år, viser at det er heile vegen prosjekt som enten er under arbeid eller under planlegging. Det er heile tida ei rekke konkrete planer som er under arbeid eller under ferdigstilling, slik at vi har kontinuerlig eit investeringsbudsjett som er strekt til det maksimale, og er heilt på grensa. Økonomisk sett må det gå opp i opp, Florø hamn KF må også levere økonomisk.

Neste bruker møte er om ca. 6 månader, men det er viktig med god dialog undervegs også. Tett og dialog med alle som har behov eller planer som griper inn slik vi kan bidra til gode løysningar. Vi er avhengig av tilbakemeldingar, vi kan ikkje bygge og håpe på det beste. Avhengig av gode relasjonar, tett samarbeid og kommunikasjon.

Takker for oppmøtet og oppfordre til å ta kontakt om det er noko. Der vi kan bidra er vi klar!

God sommar.

Referent: Andrea Bjørkaas Hall og Linda Mortensen Midtbø